

Plan- og utbyggingsjefen

Melding om vedtak

Delegert plan- og utbyggingsjefen - saknr.09/261

Byggmester Åge Rong
Nordre Øyavegen 162
5357 FJELL

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksh.- tlf.	Dato
	2009/862 - 9160/2009	Norstein Gjengedal - 55 09 73 55	11.05.2009

Løyve til oppføring av produksjonslokale på gnr. 18/10 - Skoge Tiltakshavar: Strilalam BA

Saka gjeld søknad om løyve til oppføring av produksjonslokale for slakting og vidareforedling av husdyr med bruksareal på 282,0 m² oppgjeve i søknad.

Søknad er motteken	: 28.04.2009, komplett 08.05.2009
Ansvarleg søkjar	: Byggmester Åge Rong
Tiltak	: Produksjonslokale for slakting og vidareforedling av husdyr
Eigedom	: Gnr. 18, bnr. 10
Vassforsyning	: Offentleg
Kloakk	: Privat
Vegtilkomst:	: Uendra
Planstatus	: Kommuneplanen sin arealdel, LNF-område
Nabovarsling	: Utført utan merknad

Saka vert handsama i medhald av delegert fullmakt frå kommunestyret.

Saksopplysningar:

Det er søkt om løyve til oppføring av produksjonslokale for slakting og vidareforedling av husdyr på gnr. 18/10 – Skoge. Det faste utval for plansaker gav dispensasjon frå føresegnene i kommuneplanen for oppføring av produksjonslokale på gnr. 18, bnr. 10 i utvalsaknr. 38/09, datert 10.02.2009. Utsleppsløyve vart gjeve 08.05.2009. Søknaden er dermed komplett.

Det er oppgjeve i søknaden at det vil bli skrive avtale på tomta som produksjonslokalet skal først opp på, bruk av privat veg samt tilkopling til privat vassleidning

Det ligg ved søknaden førespurnad om å få saka handsama etter gamal energiforskrift.

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon: 56 32 64 00	Bankkonto:	6516 05 05200
Postboks 184	Rådhuset	Telefaks: 56 32 65 00	Bankkonto for skatt og avgift:	6345 06 12466
5342 STRAUME		www.fiell.kommune.no		

Vurdering:

Private avtaler gjeldande tomt, avløp og vatn bør tinglysast.

Det vil være eit vilkår at tiltaket vert utført i samsvar med føringar og vilkår gjeve av Arbeidstilsyn og Mattilsyn.

Plan- og utbyggingssjefen vil, jamfør overgangsordning, handsame saka etter energiforskrift gjeldande fram til 01.02.2007.

Delegert vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 93 vert oppføring av produksjonslokale på eigedomen gnr. 18, bnr. 10 godkjent slik det går fram av søknad, situasjonskart og teikningar stempla 11.05.2009.

Tiltaket skal utførast i samsvar med dokumentasjonen ovanfor og elles på dei vilkår som går fram av saka.

Det vert på dette grunnlag gjeve løyve til å setja tiltaket i gang.

Vilkår:

- Tiltaket skal utførast i samsvar med føringar og vilkår gjeve av Arbeidstilsyn og Mattilsyn.
- Tiltaket skal utførast etter energiforskrift gjeldande fram til 01.02.2007
- Private avtaler bør tinglysast

Ansvar og kontroll:

Ansvarlege føretak er godkjent i samsvar med søknader om ansvarsrett.

Tiltaket skal utførast slik at krav i eller i medhald av plan- og bygningslova vert etterkome. Ansvarleg kontrollføretak er ansvarleg for at kontroll vert gjennomført og dokumentert i samsvar med kontrollplanar og tildelt ansvarsrett.

Dette løyvet saman med kontrollplanar skal alltid vera tilstades på byggeplassen.

Oversikt over godkjente føretak:

1. Ansv. søkjar.....: Byggmester Åge Rong
2. Ansv. prosjekterande.....: Byggmester Åge Rong
Gjøen VVS AS
3. Ansv. kontrollerande for prosjektering: Byggmester Åge Rong
Gjøen VVS AS
4. Ansv. utførande.....: Byggmester Åge Rong
Gjøen VVS AS
SB Grunnentreprenør AS
5. Ansv. kontrollerande av utføring.....: Byggmester Åge Rong
Gjøen VVS AS
SB Grunnentreprenør AS

Plassering:

Dette tiltaket skal plasserast i terrenget av godkjent føretak. Dokumentasjon for plassering skal sendast inn til kommunen for ajourføring av kart.

Tiltaket skal plasserast i samsvar med situasjonskart stempla 11.05.2009. Høgd for ferdig golv vert godkjent på kote +19,0 m, topp møne vert ut i frå teikningane fastsett til ca kote +26,5 m.

Ferdigstilling:

Når tiltaket er ferdig skal ansvarleg søkjar sjå til at det er gjeve mellombels bruksløyve eller ferdigattest før tiltaket vert teke i bruk. Krav om ferdigattest eller mellombels bruksløyve skal vera vedlagt naudsynt dokumentasjon (jfr. SAK 2003 § 34):

- ◆ Kontrollerklæring(ar) frå alle føretak godkjent for kontroll av utføring
- ◆ Koordinatar for plassering av tiltaket. Koordinatar skal leverast i koordinatsystem Euref89 med temakoder i SOSI-format

Vatn og kloakk:

Eigedomen skal knytast til offentleg vassnett via private fellesledningar. Avtale som sikrar tilknytning og felles vedlikehald av private vassleidningar bør tinglysast. Eingongsavgifta for tilknytning skal vera betalt før fysisk tilknytning skjer.

Eigedomen skal knytast til privat avløpsnett. Avtale som sikrar tilknytning og felles vedlikehald av private avløpsleidningar bør tinglysast.

Endring av løyvet:

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato. Etter denne tid fell løyvet bort, dersom det ikkje er søkt om fornying innan 3-årsfristen er gått ut. Det same gjeld dersom arbeidet stoppar i lengre tid enn 2 år, jf pbl § 96, 1.ledd.

Dersom ein ønskjer å endra tiltaket i høve til denne godkjenninga må det søkjast særskilt om dette.

Dersom det vert skifte av tiltakshavar eller ansvarleg søkjar før tiltaket er fullført, skal det straks meldast til kommunen. Det same gjeld ved skifte av eigar. Jfr. pbl §97 nr 4.

Dette vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen.

Klagen skal sendast skrifleg til utvalet som har gjort vedtaket. Vis til vedtaket du klagar over, den eller dei endringar du ønskjer, og dei grunnane du vil vise til i klagen. Dersom du klagar seint slik at det kan være uklårt for oss om du har klaga i rett tid, må du også oppgje datoen denne meldinga kom fram.

Vi ber om at De ved all kontakt med oss gjev opp saka sitt referansenr: **2009/862.**

Med helsing

Willy Sørensen
Plan- og utbyggingssjef

Norstein Gjengedal
avdelingsingeniør

Kopi til:
STRILALAM BA Skoge 5357 FJELL